

Tips til tilbakemeldingar



- Still få spørsmål, kanskje berre eitt, i staden for mange.
- Ver nysgjerrig! Bruk kva eller korleis i staden for ja/nei-spørsmål.
- Gi eleven moglegheit til å snakke om eigne tankar og meningar om teksten.
- Gi tilbakemeldingar som får eleven til å oppleve meistring i lesinga.
- Gi få, men spesifikke, tilbakemeldingar på både heilskap og detaljar i lesinga.

Vis interesse og anerkjenn arbeidsmåte og innsats, framfor ferdigheit.

- Så interessant, det hadde ikkje eg tenkt på.
- Du stiller gode spørsmål når du les.
- Du jobbar godt for å forstå.
- Veldig lurt at du ser på både teksten og illustrasjonane.
- Der las du nøye og fann ut korleis du les lange ord.

Still spørsmål, og lat eleven snakke mest.

- Kva idear får du når du les?
- Kva meiner du om dette?
- Kjenner du noko igjen i det du las?
- Kva trur du om ...?
- Kva meiner du er viktig her?
- Kva for ord eller bokstavar synest du er vanskelege å lese?

Gi eleven tid til å tenkje og løyse utfordringar.

- Eg la merke til at du retta deg sjølv medan du las. Korleis fann du ut kva du skulle gjere?
- Kva i teksten var vanskeleg?
- Kva kan du gjere med det som er vanskeleg?
- Kva har du lært om deg sjølv som lesar?
- Kva kan du frå før som kan hjelpe deg å lese dette ordet?

Still spørsmål som hjelper eleven fram i teksten.

- Kva for ord synest du var vanskelege å lese?
- Kva skjer om vi tek vekk / byter ut denne bokstaven her?
- Kva oppdaga du medan du las?
- Fortell meg meir om ...?
- Har du tenkt på dette før?
- Kva i teksten forstod du?
- Kva i teksten lurar du på?